

Tirsdag 31.mars 2020

Me ønsker å være tilgjengelige for næringslivet i møte med koronapandemien

Koronapandemien har snudd opp ned på kvardagen vår, både for kvar enkelt av oss og for det store mangfoldet av veksemder over heile landet. Det er innført nasjonale og lokale smittebegrensande tiltak som dei fleste av oss no rettar oss etter og som me alle håpar vil ha den tilsikta effekten. Dette viser at me som innbyggjarar har tillit til myndigheitene våre, både nasjonale og lokale, og rettar oss etter nausynte henstillingar og pålegg.

Me må alle bidra til å halda aktivitetane i gong

Mange av tiltaka innebærer imidlertid store endringar også for næringslivet lokalt. Noken har mista mykje av inntektsgrunnlaget, noken har nærmast fått yrkesforbud og har stengd virksomheita, mange har gått til permitteringer og noken har også gått til oppseiingar. Heldigvis er det også nokon som fortsatt kan drive si verksemd vidare sjølv i desse krisetider.

Midt i krise er me så heldige at me som nasjon har pengar «på bok» som gjer det mulig å støtta dei som no slit. Regjeringa og Stortinget har allereie lansert tre ulike kompensasjonspakkar som har som føremål å oppretthalde og auka aktivitetane i verksemder i dei fleste bransjar over heile landet. Innhaldet her er delvis kjent og meir informasjon vil kome etter kvart.

Kompensasjon og kontantstøtte

Fredag 3. april er det venta at detaljer om den annonserte kontantstøtta til bedrifter offentliggjerrast. Så langt har me fått informasjon om at det, på visse vilkår, vil bli gitt kontantstøtte/refusjon av faste kostnader i staden for betalingsutsettelse og/eller lån.

Noke av det viktigaste som så langt er kjent om denne ordninga:

- Verksemder som kan visa til vesentlig omsetningsfall vil kunne få refusjon til å dekkja delar av dei faste kostnadane.
- I fyrste omgang vil dei verksemdene som vart pålagd å stenge bli prioritert.
- Det vert etablert ei elektronisk løysning (portal) for registrering av søknad og verksemdene må sjølv søke via denne løysninga.
- Ved godkjent søknad vil midlane overførast til verksemda si bankkonto innan 3 veker.
- Ordninga vil gjelde i 2 månader med moglegheit for forlenging.

For dei verksemdene som er pålagd å stenge vil det antageleg være tilstrekkeleg å kunna dokumentera fall i omsetnad gjennom resultatrapport eller kasserapport som viser omsetnad hittil i år. Kostnader må kunna dokumenterast med faktura.

Det vert antageleg stor pågang når portalen opnar, så me anbefaler å forberede seg ved å finna fram følgande dokumentasjon allereie nå:

- Resultat- og balanserapport pr. 31. desember 2019.
- Rapport som visar omsetnad/salg hittil i år.
- Kostnadsfaktura og tilhørande avtalar/kontraktar som har forfall frå no og ut juni månad. Dette kan t.d. vera kostnader som husleige, straum, telefon, internett, abonnement og leige av programvare, forsikringar, leasing/leige av maskinar og utstyr samt kostnader til rekneskapsfører.

Din rekneskapsfører eller bank vil heilt sikkert kunne bistå med utfylling og innsending av søknaden via portalen når den vært gjort tilgjengeleg. Og du er sjølvsagt hjarteleg velkomen til å kontakta oss i kommunen også om du skulle ønske det.

Kontaktinformasjon

Me ønsker å bidra med å formidle relevant informasjon om tiltak og ordningar som er eller vert oppretta for å hjelpe dei lokale verksemdene.

Me vil derfor oppfordra deg til å kontakta oss om du har opplysningar om situasjonen i næringslivet som kommunen bør vite om. Eller kanskje du berre har behov for nokon å snakka med? Da er du velkomen til å kontakta ein av oss:

- **Torborg Kleppa**, T: 404 39 123, E: torborg.kleppa@hjemland.kommune.no
- **Jan S. Grimstad**, T: 404 39 012, E: jan.sverre.grimstad@hjemland.kommune.no